



## Notat

Dato: 02.02.2016  
Arkivsak: 2014/12398-8  
Saksbehandlar: biraase

---

**Til:** Administrasjonsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Førebudd på framtida - status 2015

#### Bakgrunn

Gjennom budsjettvedtaka i 2012 og 2013 gav fylkesutvalet og fylkestinget fylkesrådmannen i oppdrag å sikre at Hordaland fylkeskommune arbeider «målretta med utviklingstiltak for å kunne effektivisere drifta, auke servicenivået og betre tenesteproduksjonen overfor innbyggjarane i fylket». På denne bakgrunnen initierte fylkesrådmannen prosjektet «Førebudd på framtida». Våren 2014 vart det gjennomført ein organisasjonsgjennomgang av sentrale delar av fylkesadministrasjonen ved hjelp av eit eksternt rådgjevingsselskap.

Samferdselsavdelinga har som alternativ valt å gjere ei større analyse knytt til utvikling og organisering av kollektivområdet.

Opplæringsavdeling valde å prioritere fråfallsproblematikken i den vidaregåande skulen, og planlegging av eit større prosjekt i samband med dette.

Føremålet med programmet er mellom anna å effektivisere og framtidsrette fylkeskommunen, samstundes med at ein er førebudd på å handtere moglege endringar i rammevilkåra. Prioriterte forbetringstiltak skal gjennomførast i løpet av programperioden.

#### Programmet er delt i tre programområde, med følgjande hovudaktivitetar:

##### 1. Strategisk utvikling:

Leiargruppa har arbeidd med verksemdstrategien for HFK gjennom 2015, med fagleg støtte frå BI. Dette har skjedd i ein tid der mellom anna kommunereforma, oppgåvedeling mellom forvaltningsnivåa og økonomiske rammetilhøve har vore i fokus. Mål og strategi skal gje tydeleg retning og grunnlag for prioritering av tiltak i den komande perioden. Dette gjeld både på HFK-nivå og på avdelingsnivå. Planen skal gjelde i perioden 2016 – 2020. Strategiane skal og sikre at vi ivaretek dei ulike rollane som tenesteleverandør, samfunnsutviklar, *utøver av mynde samt demokratisk organ og politisk arena*. Strategien vil bli vedteken i første kvartal 2016, og arbeidet med iversetning vil så starte.

HFK har også starta opp arbeidet med Regional planstrategi, som skal gjelde i fylkestingperioden 2016 -2020. Her er målet å få til ei god kopling mellom HFK-strategien og den regionale planstrategien. Eit suksesskriterium vil vere god forankring av planprosessen både internt i HFK-avdelingane, i det nye fylkestinget og blant eksterne samarbeidspartnarar, ikkje minst kommunane.

## 2. Kjerneoppgåver:

Det er føreteke ei kartlegging og vurdering av kjerneoppgåvene til den einskilde fagavdelinga. Formålet har vore å skaffe grunnlag for å kunne prioritere, effektivisere og samordne dei oppgåvene HFK skal utføre i framtida. Avdelingane ser samla eit potensial for forbetring, særleg knytt til forbetring arbeidsprosessar, samarbeid og organisering. Nokre av tiltaka er allereie lagt inn i planar og budsjett for 2016, andre vil bli prioritert og vidareført i samanheng med iverksetting av dei overordna strategiane.

## 3. Administrativ drift og utvikling:

Det er og føreteke ei kartelegging av oppgåvene knytt til drift og utvikling i økonomi- og organisasjonsavdelinga samt stabane i avdelingane. I dette arbeidet ligg også ei vurdering av vidare organisering av utviklingsarbeidet, samt oppgåve- og ansvarsdelinga mellom staben og linja. Det er gjennomført ei rekke tiltak knytt til organisatoriske tilpassingar i løpet av 2015. Mellom anna er Økonomiavdelinga og Organisasjonsavdelinga slått saman. Det er også starta opp eller gjennomført ei rekke tiltak knytt til opplæring, forbetring av (IKT)verky, mv. Mange av desse tiltaka femner den sentrale administrasjonen, andre heile HFK-organisasjonen. Tiltaka vil fortsette i 2016.

## **Vidare framdrift**

Generelt vil ein del av tiltaka som ikkje er avslutta i 2015, halde fram i 2016. I samband med strategiprosessen og oppgåvegjennomgangen har det kome fram ei rekke forbetnings- eller tiltakspunkt. Desse vil måtte prioriterast og planleggjast for den kommande strategiperioden 2016 – 2020.